



Haugaland brann og redning iks



Årsmelding 2020

Haugesund, 01.03.2021


Dag Botnen
brannsjef

INNHALD

- 0 Styreleiar**
- 1.0 Generelt**
 - 1.1 Organisasjon
 - 1.2 Ansvarsområde
 - 1.3 Mål
 - 1.4 Oppsummering 2020
 - 1.5 Brannokument
- 2.0 Beredskapsavdeling**
 - 2.1 Delmål
 - 2.2 Tilsette
 - 2.3 Kompetanseheving
 - 2.4 Utrykningar
 - 2.5 Varslingsentral/samband
 - 2.6 Samarbeidsavtalar
- 3.0 Logistikkavdeling**
 - 3.1 Delmål
 - 3.2 Tilsette
 - 3.3 Køyretøy, utstyr og materiell
 - 3.4 Brannstasjonar
 - 3.5 Kontroll, vedlikehald og ettersyn
 - 3.6 Ressursstasjonar
- 4.0 Førebyggjande avdeling**
 - 4.1 Innleiing
 - 4.2 Delmål
 - 4.3 Tilsette
 - 4.4 Kompetanseheving
 - 4.5 Tilsyn
 - 4.6 Informasjonstiltak
 - 4.7 Saksbehandling og andre førebyggjande tiltak
 - 4.8 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg
 - 4.9 Samarbeidsavtalar og prosjekt
- 5.0 Administrasjon**
 - 5.1 Administrasjon
 - 5.2 Oppgåver i 2020
 - 5.3 Likestilling og mangfald
 - 5.4 Helse, miljø og sikkerheit
 - 5.5 Informasjon
 - 5.6 Sjukefråver
 - 5.7 Prosjekt
- 6.0 Styre og representantskap 2020**
 - 6.1 Møteaktivitet for styret
 - 6.2 Møteaktivitet for representantskap
 - 6.3 Anna møteaktivitet
- 7.0 Rekneskap**

0. STYRELEIAR

Frå styreleiar

Haugaland brann og redning IKS (HBR) vart stifta 03.04.2017 av kommunane Etne, Sveio, Vindafjord, Suldal, Bokn, Tysvær, Haugesund, Karmøy og Utsira, med oppstart av drifta 01.07.2018.

Selskapet er organisert som eit IKS etter lov om interkommunale selskap. Representantskapet er samansett av ordførarane i eigarkommunane. Gerd Helen Bø frå Suldal kommune er leiar og Sigmund Lier frå Tysvær kommune er nestleiar. Styret for selskapet har åtte medlemmer med personlege varamedlemmer. Tre av styremedlemmene er tilsetterepresentantar.

Haugesund kommune melde seg ut av selskapet i juni 2018, rett før drifta starta opp. Det har i heile perioden etter utmeldinga, også i dette meldingsåret, vore arbeid mykje med å avklara kva plikter Haugesund hadde ovafor selskapet i og utover oppseiingsperioden, ut frå lovverk og inngåtte avtalar, og korleis selskapskapitalen Haugesund gjekk inn i selskapet med ved etableringa skulle handterast. Partane inngjekk forliksavtale 26.10.2020, som kort går ut på at Haugesund skal levera støttestyrke til selskapet i to år frå det tidspunktet ny hovudstasjon på Raglamyr er etablert. I avtalen ligg også at det skal utgreiast framtidig samarbeid for best mogleg utnytting av ressursane innan det aktuelle dekningsområdet, mellom selskapet og Haugesund brannvesen.

Selskapet er, utan Haugesund, dimensjonert for eit geografisk område med om lag 76 000 innbyggjarar.

Leiar av representantskapet fekk i februar fire bekymringsmeldingar frå området aust som omhandla leiling, personalpolitikk, beredskap og økonomi. Bekymringsmeldingane vart og sendt til presse og media.

Styret handsama bekymringsmeldingane 24. februar 2020, der det vart konkludert med at det var nødvendig med ekstern uavhengig bistand for å kartlegge grunnlaget for meldingane og dermed kunne gje ein analyse av situasjonen. Arbeidet med bekymringsmeldingane, utarbeiding og oppfølging av handlingsplan har vore ein viktig del av styret sitt arbeid og av arbeidet i selskapet elles dette året.

HBR er framleis eit ungt selskap, sjølv om me no i større grad er over i ordinær driftsfase. Det har vore lagt ned eit stort arbeid frå våre tilsette i etableringsfasen, men det må også framover arbeidast med rutinar for informasjon, organisasjonsforståing og organisasjonskultur. Det har dette året også vist oss.

Endringsarbeid vil også prega selskapet framover, for å innfri forventningane om synergjar og effektiv drift etter etableringa. Det er i gang ei større utgreiing rundt operasjonalisering av beredskapen i selskapet, der alternative løysingar på dette området skal vurderast. Her er forankring og forståing både i organisasjonen og frå eigarane våre avgjerande for å lukkast.

Arbeidet med Haugesund kommune si utmelding og innkomne bekymringsmeldingar har ført til større møteaktivitet enn normalt, i form av mange interne møte, fleire styremøte, representantskapsmøte og eigarmøte. Det har også ført med seg auka i kostnader til advokat- og konsulenttenester dette året.

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på kroner 6,6'' mot 8,7'' året før. Selskapet har positiv eigenkapital per 31.12.2020 på kroner 53,2'' mot 49,2'' året før. Disposisjonsfond utgjør 5,78 % av driftsinntekter og etablering av fond er i tråd med selskapsavtala. Etter § 7-2 kan selskapet bygge opp fond for gjennomføring av investeringar, til nødvendig driftskapital og til framtidige pensjonsplikter. KPMG er selskapet sin revisor.

På vegne av styret ønsker eg å takke for godt samarbeid med eigarkommunane og god innsats og godt utført arbeid frå alle tilsette i 2020!

Elles viser eg til årsmeldinga og rekneskapen for detaljar om aktiviteten i selskapet i meldingsåret. God lesnad.

Bjoa, 02. mars 2021

Elling Hetland
styreleiar


1.0 GENERELT

1.1 Organisasjon

Haugaland brann og redning iks (HBR) vart stifta 03.04.2017 med oppstart av drifta frå og med 01.07.2018. Selskapet er organisert som eit IKS etter lov om interkommunale selskap. Deltakarane er kommunane Bokn, Etne, Karmøy, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.

I dag er grunnlag for dimensjoneringa ± 76 000 innbyggjarar og det er for selskapet 39 tilsette på heiltid og 311 deltidsmannskap. Hovudkontoret er i Diktervegen 8 i Haugesund og det er 20 brannstasjonar fordelt på våre 8 kommunar.

Vår organisasjon er:



1.2 Ansvarsområde

Haugaland brann og redning iks sine oppgaver er, jfr. brannvernlova § 11:

- a) å gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak i kommunen om fare for brann, farar ved brann, brannverntiltak og korleis ein skal opptre ved brann og andre akutte ulukker,
- b) å gjennomføre brannførebyggande tilsyn,
- c) å gjennomføre ulukkesførebyggande oppgaver i samband med handtering av farleg stoff og ved transport av farleg gods på veg og jernbane,
- d) å utføre nærare bestemte førebyggande og beredskapsmessige oppgaver i krigs- og krisesituasjonar,
- e) å vere innsatsstyrke ved brann,
- f) å vere innsatsstyrke ved andre akutte ulukker der det er bestemt med grunnlag i kommunen sin risiko- og sårbarhetsanalyse og
- g) å sørge for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Etter selskapsavtalen kan HBR ta på seg andre oppgaver eigarane og selskapet er einige om.

1.3 Mål

Haugaland brann og redning iks har som mål å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker.

Haugaland brann og redning iks skal vere organisert, tilfredsstillande utstyrt og bemanna med personell som har tilstrekkeleg kompetanse slik at oppgaver etter lov om brannvern kan bli utført tilfredsstillande.

Haugaland brann og redning iks skal utføre tenester med høg kvalitet og som tilfredstiller dei krav som eigarane og innbyggjarane i våre kommunar forventar.

1.4 Oppsummering 2020

Administrativt

- a) Covid-19 har prega 2020 der mykje kapasitet er knytt opp mot handtering av måten Haugaland brann og redning iks skulle møte denne trusselen på. Det har vore kontinuerleg drift, men det har vore nødvendig å endre oppgaver og metoden oppgåvene skulle løysast.
- b) Arbeid med oppfølging av bekymringsmeldingar i samband med økonomi, leiing og drift har også krevd mykje kapasitet av leiinga og dei tillitsvalte. Det er gjennomført 13 samarbeidsmøte og 4 utvida samarbeidsmøte. Utover dette er det utført kontakt-, personal-, styre-, leiar- og kontaktmøte m.m.
- c) Rekneskapet viser netto driftsresultat på kr 6 584 528. Me har ca. kr 0,5'' i ekstrakostnadar som følgje av Covid-19 i 2020. Dei fleste er eit resultat av ekstra vakter som følgje av karantenerengar, men også ein del verneutstyr har vore nødvendig å investere i. Det er vidare nytta opp mot 1'' på advokatar og konsulentar som følgje av bekymringsmeldingar og avklaringa rundt Haugesund sin utmelding av selskapet. Vakanse og lågare aktivitet har medført at resultatet vert som vist.
- d) Det er tilsett HMS-koordinator og brannmeister i område Øst (tiltrer 2021). Innanfor beredskap er det tilsett 26 brannkonstablar på fleire av våre 20 stasjonar.
- e) Det er gjennomført 11 styremøte, 4 representantskapsmøte og 3 eigarmøte. Eit høgt tal møter kan forklarast med etableringsfase, Haugesund sin utmelding av selskapet samt arbeid med bekymringsmeldingar som kom i februar-20.

Førebyggande

Covid-19 har sett sitt preg på førebyggande arbeid i 2020. Det har vore kontinuitet i drifta men det har vore nødvendig med justering i måten arbeidet er gjennomført på. Talet på ulike førebyggande tiltak er om lag som 2019, men talet feiing av fyringsanlegg er vesentleg høgare enn normalt.

- a) Det er gjennomført 226 tilsyn eller tilsvarande tiltak med særskilte objekt.
- b) Det er gjennomført 13 samordna tilsyn i landbruksbygg.
- c) Det er gjennomført 2 119 tilsyn med fyringsanlegg.
- d) Det er gjennomført 17 432 feiing av fyringsanlegg.

Beredskap

- a) Det er til tross for Covid-19, gjennomført mange kurs og andre kompetansehevande tiltak. Til saman har tilsette gjennomført 4270 kurstimar i HBR 2020.
- b) Øvingar er gjennomført i tråd med plan, men det har vore nødvendig å endre måten øvingar vart gjennomført på. Øvingar er tilpassa smittetrykket til ein kvar tid. I enkelte periodar har det berre vore maksimum 4 personar per øving, i andre periodar har me tillate inntil halv stasjon.
- c) Det har vore 876 utrykningar i 2020, noko som er 13 % færre enn for 2019. Færre utrykningar er også ein nasjonal trend, og det er sannsynleg at dette skuldast Covid-19.
- d) 1/3 av alle utrykningar er automatiske brannalarmar. Av 319 automatiske brannalarmar var 5 av desse reelle brannar, 3 i institusjon og 2 i bedrift. Vidare er 14 av desse brannhindrende tiltak (tørrkoking eller liknande).
- e) Me ser at helseoppdrag har for første år, passert tal ulukker som me har i trafikken, 99 mot 93.
- f) Det har vore 50 brannar i bygning.

Logistikk

- a) Det er gjort innkjøp av verneutstyr og materiell som må på plass for at Ølen og Kopervik stasjon skal kunne fungere som ressursstasjonar for de andre 18 brannstasjonane. Ressursstasjonane er sett i drift.
- b) Det er investert i 6 fremskutte enheter, 1 leiarstøttebil, 2 ressursbilar, 1 mannskapsbil og ein skulebil.
- c) Det er arbeid med oppfølging av brannstasjonar der nokre stasjonar er under bygging, nokre skal ferdigstillast og nokre skal prosjekterast.
- d) Det er gjennomført eit omfattande arbeid i å etablere ordningar som sikrar at HBR har eit godt system for kontroll, vedlikehald og ettersyn av alle køyretøy, alt utstyr, brannstasjonar samt anna materiale.

1.5 Branndokument

Branndokumentet for selskapet er ikkje formelt vedteken og vil derfor følgje budsjettprosessen for 2022 og må sjåast i samanheng med revidering av beredskapsanalyse som skal gjennomførast i 2021. Branndokument for kvar einskild kommune er gjeldande fram til nytt dokument føreligg. Selskapsavtalen er førande for selskapet sin organisering.

2.0 BEREDSKAPSAVDELING

2.1 Delmål

Beredskapsavdelingen skal redusere konsekvensene ved brann og andre ulykker gjennom effektive tiltak når uønskede hendelser inntreffer. Dette skal gjøres med bakgrunn i en beredskapsanalyse som sikrer oss i å gjøre målrettede og effektive tiltak mot uakseptabel risiko.

2.2 Tilsette

Forutan leiar har avdelinga tre områder: område Øst, Midt og Vest. Kwart av områda har ein områdeleiar for å følgje opp dagleg drift. I administrasjonen er ein branningeniør tilknytt avdelinga og operativt er det i heile stillingar p.t. 2 brannmestrar og 2 brigadeleiarar.

Mannskap er fordelt på 20 stasjonar etter følgjande tabell:


Stasjon	Kommune	Mannskap	Utryknings-leiing og overordna vakt	Vaktordning
Førde	Sveio	14	4	nei
Sveio	Sveio	14		nei
Aksdal	Tysvær	16	2	2 mannskap helg
Tysværvåg	Tysvær	16		nei
Nedstrand	Tysvær	16		nei
Bokn	Bokn	18		nei
Skudenes	Karmøy	16	5 + 4 ¹	vaktlag 24/7 (4 mannskap)
Åkra	Karmøy	16		vaktlag 24/7 (4 mannskap)
Kopervik	Karmøy	20		vaktlag 24/7 (5 mannskap)
Bø	Karmøy	16		vaktlag 24/7 (4 mannskap)
Vormedal	Karmøy	16		vaktlag 24/7 (4 mannskap)
Utsira	Utsira	10		nei
Etne	Etne	16	4	utrykningsledervakt 24/7
Skånevik	Etne	12		utrykningsledervakt 24/7
Ølen	Vindafjord	16		utrykningsledervakt 24/7 - utanom dagtid
Sandeid	Vindafjord	10		utrykningsledervakt 24/7 - utanom dagtid
Skjold	Vindafjord	12	4	utrykningsledervakt 24/7 - utanom dagtid
Sand	Suldal	16		utrykningsledervakt 24/7
Suldalsosen	Suldal	12		nei
Jelsa	Suldal	10		nei

2.3 Kompetanseheving

KURS OG OPPLÆRING

Innanfor kurs og opplæring har Covid-19 gjort til at det har vore nødvendig med omprioriteringar. Me har likevel lukkast i å gjennomføre dei fleste kurs som var planlagt, men måten dette er gjennomført på er noko annleis enn om me hadde vore i ein normalsituasjon.

Gjennomføring vart meir utfordrande, mannskap måtte samlast i mindre grupper og kurs måtte gjennomførast i fleire puljar. Samtidig vert vi utfordra til å tenke nytt og smart for å klare å få gjennomført kompetanseheving. Dette er spennande og gir oss alle utfordringar. Vi har køyrd teamsforelesning med 30 tilhøyrarar og dette var interessant og nytt både for arrangør og konstabel, og det fungerte veldig bra(!).



Praksisuke grunnkurs mars 2020

¹ Det er felles utrykningsleiing for alle stasjonane for Karmøy kommune, men dette vil endrast frå og med 2021.

Tabellen viser kva vi har klart å gjennomføre i 2020. Me skal vere stolt av dette i «annerledesåret 2020»:

Kurs 2020	Arrangør	Deltakar	Tid	Timar deltakarar
Nettbasert brevkurs	Norges brannskole	34	-	-
Grunnkurs – ferdig 2020	Norges brannskole/Hbr	15	208	(3120)
Grunnkurs - satt i gang 2020	Norges brannskole/ Hbr	28	208	(5824)
Utrykningsleiarkurs - oppstart 2020	Norges brannskole/ Hbr	31	238	(7378)
160-utrykningskøyering kurs	Hbr/Nord Aurdal brann	13	80	1040
160-vedlikehaldskurs	Hbr	8	7,5	
Klasse C-kurs	Vindafjord trafikkopplæring	14	80	1120
Røykdykkarkurs	Hbr	17	25	425
Akutthjelpar Retrening	Norsk Luftambulans	95	4	380
Akutthjelpar Grunnkurs	Nettbasert	30	6	180
Nødnett instruktørkompetanse	DSB/ 110	3	16	48
Sjølvordkurs	-	2	14	28
Tilvenning stor lastebil 160	Hbr	6	6	36
Arkivkompetanse	Nettbasert	1	½ år	
Seminar «alternative energibærarar»	HBR	30	8	240
Dræger vedlikehald pusteluft	Dræger	9	15	135
Diverse webinar og digitale konferansar	-	-	-	-
Sum				19 954

Øvingar

Øvingsplan for 2020 er gjennomført i den grad det var praktisk mogleg å gjennomføre. Grunna Covid-19 vart mange øvingar naturleg nok ikkje gjennomført som planlagt, men ein har forsøkt å gjennomføre nettbasert opplæring og lagøvingar der det har latt seg gjera.

Øvingsplan for 2021 er laga og distribuert til mannskap. Fram til sommaren er det lagt opp til lagøvingar i alle områder, medan det etter sommaren vert lagt opp til ein blanding av fullskalaøvingar og lagøvingar. Dersom pandemisituasjonen ikkje har blitt vesentleg betre før sommaren må dette vurderast på ny og oppsettet for hausten vil mest sannsynleg verta endra.

I hovudsak er følgjande områder gjeldande for øvingar:

- Brann/røykdykking (4 øvingar med minimum 1 varm røykdykkarøving)
- Redning/trafikk
- Redning i elv/på sjø
- Førstehjelp/helseoppdrag
- Farleg gods/akutt forureining
- Leiing, strategisk og taktisk
- Tekniske øvingar

2.4 Utrykningar

Tal utrykningar i regionen viser at Haugaland brann og redning er «på hjul» mellom 2 og 3 gongar i snitt kvar dag heile året. Med 20 stasjonar og 310 deltidsmannskap og 13 heiltidstilsette som er klar til innsats innan 10 minuttar, gjer til at brannvesenet er ein særdeles viktig kvardagsberedskap.

UTRYKNINGAR

Statistikken vert henta ut frå ei database som heiter BRIS, ei database kor alle utrykningar vert registrert. Det er mogleg å gå ned i detaljar og hente ut alt frå responstider, informasjon om kvart einskilt oppdrag, brannårsak med meir.


Statistikken viser ein relativt stor nedgang frå 2019 til 2020. Det er ein nasjonal trend at det er færre utrykningar som følgje av Covid-19, utan at dette kan forklarast noko nærare.

	Kopervik	Bø	Aksdal	Åkra	Vormedal	Sveio	Ølen	Førde	Skudenes	Etne	Skjold	Bokn	Sand	Tysværåvåg	Skånevik	Nedstrand	Sandeid	Suldalsosen	Jelsa	Utsira	Sum
ABA	45	65	50	28	23	14	16	15	14	12	9	4	2	6	4	4	3	1	1	3	319
2019	60	65	36	33	28	22	26	22	10	20	8	7	6	5	2	2	1	2	2	2	359
Trafikkulukke	10	11	10	8	7	6	3	3	3	2	5	5	7	3	3	1	2	2	2	0	93
2019	11	10	13	8	12	11	12	5	4	7	6	4	7	4	2	1	5	2	0	0	124
Helseoppdrag/trussel om sjølvdrap	6	8	5	4	0	8	1	9	12	2	2	9	5	7	10	5	1	2	1	2	99
2019	16	8	6	6	3	14	2	9	15	3	3	6	2	4	10	2	3	3	3	1	119
Brann - anna (pipe, bil, søppel...)	15	13	19	9	7	5	11	6	0	7	4	1	7	4	2	1	4	2	0	0	117
2019	15	7	16	1	4	5	4	6	3	3	6	0	7	7	2	2	4	1	3	0	96
Anna (redning, dyr, bistand...)	14	5	6	8	7	6	4	3	4	4	4	4	1	0	2	4	1	0	1	0	78
2019	23	4	7	18	4	5	3	3	3	0	2	1	4	2	1	0	2	1	0	0	85
Brann - bygning	11	5	7	5	1	2	3	2	0	2	2	1	3	2	2	0	1	1	0	0	50
2019	11	6	5	9	5	1	2	6	4	2	1	0	1	2	2	1	4	0	1	0	63
Brannhindrande/kontroll	8	3	4	4	3	2	0	0	1	0	1	0	1	0	0	0	1	0	0	1	29
2019	19	3	4	8	5	0	3	3	6	4	1	3	0	0	2	0	1	0	0	0	62
Berging av verdier/RVR/natur	14	7	2	9	0	2	0	1	3	0	0	3	0	4	0	0	0	0	0	0	45
2019	21	7	0	5	7	1	2	0	1	0	0	10	1	1	1	1	0	0	0	0	58
Forurensning	9	8	3	2	4	6	1	0	2	1	3	1	1	1	0	2	1	0	1	0	46
2019	24	1	0	1	4	2	0	0	1	0	0	2	1	0	0	0	0	0	0	0	36
SUM	132	125	106	77	52	51	39	39	39	30	30	28	27	27	23	17	14	8	6	6	876
Samanlikna med 2019	-68	+14	+19	-12	+20	-10	-15	-15	-8	-9	+3	-5	-2	+2	+1	+8	-6	-2	-4	+3	-126
Bistått andre (ikkje inkl. over)	11	2	6	1	0	4	3	4	0	6	6	2	13	5	4	2	3	0	0	0	72
2019	24	10	15	1	0	3	4	5	0	2	1	2	7	2	1	0	1	1	0	0	79
Bistått av andre	1	1	11	7	1	5	5	3	1	6	4	3	1	4	2	3	1	8	4	0	71
2019	8	6	2	6	8	7	9	7	1	2	3	4	3	8	1	2	4	3	4	0	88
Bistått av Haugesund	0	8	36	0	7	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	51
2019	11	21	34	7	15	1	3	0	1	0	0	6	0	1	0	1	2	0	0	0	103
Løyst av OOV (inkl. over)	38	18	19	21	14	16	3	6	3	4	3	1	0	2	0	1	1	0	0	0	150
2019	88	2	19	11	3	5	5	2	0	1	3	3	8	1	1	0	0	0	1	0	153
Bruk av støtteressurs (RVR, IUA...)	7	17	5	12	4	0	1	0	3	1	3	3	1	6	1	2	1	0	1	0	68
2019	Ikke registrert 2019																				


Nokre nøkkeltal er:

- 1/3 av alle utrykningar er automatiske brannalarmer.
- Av 319 automatiske brannalarmer var 5 av desse reelle brannar, 3 i institusjon og 2 i bedrift.
- Av 319 automatiske brannalarmer var 14 av desse brannhindrende tiltak (tørrkoking eller liknande).
- Nesten 1 av 5 utrykningar vert løyst av utrykningsleiar eller overordnet vakt.
- Nedgang i helseoppdrag og trafikkulukker. Helseoppdrag er fleire enn for trafikkulukker.
- Det er 50 brannar i bygning (pipebrannar vert rekna som annan brann).
- Ved 1 av 7 utrykningar er det meir enn 1 brannstasjon utalarmert.
- I motsetning til 2019, er det ikke brannar eller ulukker som varer over 24 timar.

VISUELL FRAMSTILLING:



UTRYKNINGAR ETTER KATEGORI



■ ABA ■ Trafikk ■ Helse ■ Anna brann ■ Bygningsbrann
■ Anna ■ Brannhindrande ■ Berging av verdier ■ Forurensning

ABA ETTER TYPE BYGNING



■ Annet ■ Barnehage/skole ■ Bedrift ■ Institusjon ■ Offentlig/annet ■ Privat/vaktselskap

UTRYKNINGAR VS KLOKESLETT



UTRYKNINGAR VS OMRÅDE



■ Vest ■ Midt ■ Øst

Kraftig brann i lagerbygg på Åkra



2 / 5
Flammene blusset opp igjen da det ble slått hul i murveggen inn til lageret. Foto: Øystein Merkesvik

Ein stor brann i eit lager på Åkra tidleg ut i året. Med hjelp av mannskapsstyrke frå både Åkra, Kopervik og støttestyrke frå Haugesund (stigebil), kom brannen etter kvart under kontroll.

Det var nødvendig å nytta gravemaskin for å unngå brannspreiing vidare i objektet.

Den 4. november var brannvesenet i Sand raskt på plass då det oppstod tilløp til brann i ein lagerbygning. Med rask innsats vart utviklinga stogga og me slapp ein stor brann denne gongen.



Ein komplisert brann den 27.mai der det oppstod brann i varerommet på ein mindre lastebil lasta med gass som stykkgoods (acetylen, oksygen, dekk-gass og litt propan).

Som følgje av fare for at flaskene skulle gje etter ved varmpåverknad, vart naboar evakuert. Ei flaske kan i verste fall reise fleire hundre meter.

2.5 Varslingsentral/samband

Haugaland brann og redning iks er tilknytt Alarmsentral brann sør-vest (ABSV) lokalisert i Sandnes frå og med 2019. Sentralen er organisert som ein avdeling i Rogaland brann og redning iks.

2.6 Samarbeidsavtalar

Me har følgjande samarbeidsavtalar med andre aktørar innan beredskapstenesta:

- felles slokkeavtale med kommunane i regionen.
- felles avtale om redningsdykking med Haugesund kommune
- slokkeavtale med Haugesund kommune om Førresfjorden (området)
- felles avtale om handtering av større akutte forureiningar (IUA).
- beredskapsavtale med Equinor og anlegget på Kårstø.
- beredskapsavtale med Hydro om felles kommunikasjon, felles øvingsanlegg med meir.
- samarbeidsavtale med Statkraft og røykdykkarberedskap med meir
- samarbeidsavtale med private alarmselskaper

3.0 LOGISTIKKAVDELING

3.1 Delmål

Logistikkavdelingen skal ha en effektiv drift - faglig og økonomisk - for drift, vedlikehold, ettersyn og anskaffelser for alt av kjøretøy, utstyr og materiell, brannstasjoner med mer. Det skal være en høy driftssikkerhet ved alle våre 20 stasjoner som sikrer at beredskaps- og forebyggjendemål kan nås.

3.2 Tilsette

Det er forutan leiar, 1,5 stillingsheimlar p.t på avdelinga. Avdelinga er organisert slik at tilsette i beredskap arbeidar med logistikk, men er i linja under beredskapsavdeling. Årsak til dette er at det er tette og overlappende oppgåver i avdelingane og det er ikkje ønskjelege å dele stillingar mellom ulike leiarar. Tilsette som arbeidar med logistikk er:

- A. Teknikarar (150 %). Har det overordna ansvaret for kontroll, ettersyn og vedlikehald av kjøretøy, utstyr og materiell.
- B. Brannmeistrar (200 %). Ein brannmeister utfører ettersyn, service, vedlikehald innanfor avtalte områder og koordinert av leiar logistikk.
- C. Stasjonsmeistrar (ein deltidstilling per stasjon). Stasjonsmeistrar følgjer opp vekentleg vedlikehald og ettersyn på stasjonane og er eit bindeledd mellom beredskap og logistikk.

3.3 Kjøretøy, utstyr og materiell

Avdelinga har ansvar for alt av kjøretøy, utstyr og materiell på 20 stasjonar. Vidare er avdelinga ansvarleg for å vera kontaktledd overfor kommunane for leigeavtala som regulerer brannstasjonar.

Med å samkøyre all logistikk mellom stasjonane og områda, er det mogleg å få effektive system for kontroll, vedlikehald og ettersyn. Vidare unngår me at det vert etablert parallelle system og det er ein større gevinst i å inngå serviceavtalar, gjennomføre kjøp og følgje opp.

Per i dag er det følgjande kjøretøy på stasjonane. Av utstyr vert det skrive det som er spesialutstyr:

Stasjon	Kjøretøy					Utstyr
	Brannbil	Tankbil	Stigebil	Fremskutt enhet	Andre kjøretøy	Spesialutstyr
Førde	1	-	-	1	-	ATV
Sveio	1	-	-	2	1	
Aksdal	1	1	-	1	1	Liten båt, flomutstyr, IUA-pakke
Tysværåvåg	1	-	-	-	1	ATV
Nedstrand	1	-	-	1	-	-
Bokn	1	-	-	1	-	-
Skudenes	1	1	-	1	1	UTV
Åkra	2	-	-	-	1	-
Kopervik	1	1	1	1	9	Ressursstasjon, dusjvogn, liten båt
Bø	2	-	-	-	1	-
Vormedal	1	-	-	-	2	-
Utsira	-	-	-	1 (stor)	1	-
Etne	1	1	-	1	-	ATV
Skånevik	1	-	-	1	-	-
Ølen	1	-	-	2	3	Ressursstasjon
Sandeid	1	-	-	1	-	-
Skjold	1	-	-	1	-	-
Sand	1	1	-	1	1	Helikopterbøtte
Suldalsosen	1	-	-	1	1	-
Jelsa	1	-	-	2	1	-

Investeringar er i gong, men som følge av leveringstid (± 1 år) vil investeringane verte synleggjort seinare enn når beviljingane vert gjeve.

For 2020 er følgende investeringar og utskiftningar gjennomført:

Stasjon	Merke	Funksjon	Tekst
Utsira	Ford Transitt	Fremskutt enhet – stor type	Køyetøya er levert med godkjent avgiftsfritak etter Skattedirektoratet sine retningslinjer og alle har derfor høytrykk slokkesystem som standard. Vidare er disse køyetøya utstyrt med redningsverktøy for trafikkulukker med meir.
Sveio	Ford Ranger	Fremskutt enhet	
Etne	Ford Ranger	Fremskutt enhet	
Suldalsosen	Ford Ranger	Fremskutt enhet	
Område vest	VW Amarok	Fremskutt enhet - heimevakt	
Område midt	VW Amarok	Fremskutt enhet - heimevakt	Fleire av disse køyetøye er ein erstatning for eksisterande køyetøy, og er derfor ikkje ein kostnad utover rigging av utstyr.
HBR	Ford Transitt	Leiarstøttebil	Køyetøyet erstattar innsatsleiar sin kommandobil og skal dekke heile regionen og følgjer beredskapsordninga som brannsjefsvakt (tidlegare G01). Med køyetøyet vil me ha gode forutsetningar for samhandling med innsatsleiarar både frå eige brannvesen og med politi og helse.
Kopervik	VW Crafter	Ressursbil	Desse er rigga for å frakte ut nødvendig utstyr og klede til skadestad i hele HBR sitt geografiske område. Det er eigne spesialtilpassa traller med materiell som enten supplement eller bytting av brukt materiell. Dette er mellom anna reint tøy, reingjort og testa røykdykkarutstyr, slanger, mat mm.
Ølen	VW Crafter	Ressursbil	
Aksdal	Scania	Mannskapsbil	Komplett mannskapsbil med høg slokkekapasitet og utstyrt med redningsmateriell.
HBR	Ford Explorer	Skolebil utrykningskjøring	Spesialbygd for opplæring og vedlikeholdstrening i utrykningskjøring for eigne mannskap.
Ølen og Kopervik	Utrykningstøy, underbekledning, hjelmar, hanskar, sko, røykdykkarhetter m.m. Utstyr plasseres på ressursstasjonene og forsyner alle våre 20 stasjoner ved behov.		
Ølen og Kopervik	Øvingsdukker (10) som skal nyttast ved alle brannstasjonar.		
Alle stasjoner	Utskiftning av defekte eller utgåtte hjelmar (60), verneutstyr og annet forbruksmateriell.		
Alle stasjoner	110 vinterdekk som følgje av nye krav fra Statens vegvesen om dekk til store køyetøy.		
11 stasjoner	11 kombiverktøy og 9 bajonettsager til køyetøy.		
Alle stasjoner	Smittevernustyr i samband med Covid-19. Mellom anna er det kjøpt desinfeksjonssøyler for alle stasjoner, smittevernustyr, desinfeksjonsmidler med meir.		

Haugaland brann og redning iks er eit av dei første brannvesen som tar i bruk ny norsk standard for utrykningskøyetøy. Spesielt innanfor merking av køyetøy etter standarden gjer at desse køyetøya innfrir dei høge hms-krava som gjeld.



3.4 Brannstasjonar

HBR er etter selskapsavtala leigetakar overfor kommunane for alle brannstasjonane. Det er i 2020 utarbeidd ein leigeavtale som regulerer rettar og plikter for eigar og leigetakar.

Det er i 2020 arbeidd med å følgje opp pålegg frå Arbeidstilsynet etter deira nasjonale tilsyn av brannstasjonar. Det er utarbeidd planar for å innfri gjeldande krav der kommunane har innarbeidd brannstasjonane i sine økonomi- og handlingsplanar etter at Representantskapet vedtok handlingsplan for desse.

Status per 31.12.2020 er:

Stasjon	Status					Text
	Ren/skitten sone og gård.	Areal	Ventilasjon	Kurs-/møte-rom	Treningsrom	
Bø						Hovudstasjon på Raglamyr vil erstatte Bø og Vormedal stasjonar. Det er løyvd 121,733 mill. kroner til investering i nytt beredskapscenter på Raglamyr i perioden 2021-2023.
Vormedal						
Skudenes						Det er løyvd midlar for nybygg og rehabilitering der arbeidet skal vera fullført innan første halvår 2021.
Åkra						Brannstasjon på Veavågen vil erstatte Kopervik og Åkrehamn. Oppstart skal skje 2024 med slutføring 2026. Det er sett av 19,5'' for siste år i økonomiplanperioden.
Kopervik						
Etne						-
Skånevik						Det er dialog med kommune om vidare framdrift.
Ølen						-
Sandeid						Det er ikkje sett av midlar for utbetring per no.
Skjold						
Aksdal						Det er avsatt planleggingsmidler 300' i budsjettet for 2021. Dette arbeidet vil måtte gå parallelt med revidert beredskapsanalyse og vurdering av stasjonsstruktur for selskapet.
Tysværåg						
Nedstrand						-
Bokn						Det er ikkje avsett midlar då det vert avventa resultat av samarbeid med Equinor.
Sveio						Det er vedtak på 20'' for brannstasjon i samvirke med kommunal-teknisk. For Førde er det ei løyving på 11,56'', men der skal dette sjåast i samheng med løysing om fremskutt innsatspersonell.
Førde						
Sand						Sand stasjon har oppstartsmidler for 2021 for å finne løysingar for eksisterande stasjon.
Suldalsosen						Det er løyvd oppstartsmidler i 2021 med realisering i 2023 der det er sett av 20,6''.
Jelsa						Arbeid med bygging av stasjon pågår. Stasjonen vil stå ferdig i -21.
Utsira						Det er avsatt 50' i 2021 til forprosjekt og 200' for realisering i 2022.

3.5 Kontroll, vedlikehald og ettersyn

Det er i 2020 brukt mykje tid på å etablere gode ordningar for kontroll, vedlikehald og ettersyn. System er etablert i Bliksund, avtalar er inngått med eksterne for service, det er gjennomført opplæring for å kunne gjennomføre intern service med meir. Resultatet startar å vise seg, både ved å få god oversikt, men også ved at me er trygge på at utstyr fungerer med høg oppetid.

Det som har vore den store satsinga for 2020 er å få eit system for røykdykkarutstyret der me sjølv kan gjennomføre service og vedlikehald.

3.6 Ressursstasjonar

Ved alle kjøp og anskaffelser er HMS øvst på agendaen. Løysingane som vert valt sikrar eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for våre tilsette. I dette ligg det at me ikkje er i mål, og det er rammer HBR må halde seg til, men retninga skal vera synleg og rett.

Ressursstasjonar er ein viktig nøkkel og noko som gjev stor gevinst i det å samarbeide innan brannområdet.

To av stasjonane er lager, men også med eit organisatorisk ledd som sikrar at verneutstyr og forsyningar kjem ut til mannskapa når dei er i innsats. Før mannskap reiser frå skadestaden er det skifta verneutstyr, luft, meisar og det vert levert ut nye forseglede røykdykkarmasker. På denne måten er mannskap klar for ny innsats umiddelbart, dei er minimalt utsett for ettereksponering av farlege stoff samt at dei ikkje skal bruke timeressursar på å reingjere utstyr kvar og ein.



Ressursbil Kopervik ute på innsats etter brann i Tysvær.

4. FØREBYGGJANDE AVDELING

4.1 Innleiing

Hovudoppgåvene for avdelinga er gjennomføring av tilsyn og andre tiltak ved særskilte brannobjekt, feiing og tilsyn med fyringsanlegg og gjennomføring av informasjons og motivasjonstiltak.

I 2020 var det planlagt ekstra fokus på særskilte brannobjekt med tanke på risikovurdering på objektnivå og få registrert brannobjekta inn i eit fagsystem. Det var også planlagt å komme godt i gang med arbeidet retta mot dei mest risikoutsette gruppene i samarbeid med kommunale tenester i eigarkommunen våre.

Frå midten av mars var det mykje planlagt arbeid som stoppa opp som følgje av nedstenging og Covid-19-tiltak. Det medførte lågare aktivitet generelt for avdelinga og kanskje spesielt innan informasjons- og motivasjonsarbeid. Arbeidet med å etablere samarbeidsavtalar retta mot risikoutsette grupper stoppa opp grunna manglande kapasitet innan helsetenesta i kommunane.

Arbeidsmetodar er tilpassa for å kunne løyse oppgåver innanfor gjeldande smittevernreglar. Tilsyn med fysisk oppmøte ved særskilte brannobjekt er forsøkt erstatta med gjennomgang av tilsendt brannverndokumentasjon og dokumenttilsyn. Seksjon bustad gjennomførte feiing av fyringsanlegg frå utsida og stoppa innvendig tilsyn med fyringsanlegg. Dette gjev eksempelvis utslag på lågare tal tilsyn enn opprinneleg planlagt, men eit høgare tal feiing.

Informasjons og motivasjonstiltak retta mot barn og unge vart i stor grad gjennomført i form av brannbil kortesjar med lovnad om at «Alt blir bra».

4.2 Delmål

Avdelinga skal arbeide for å redusere sannsynet og konsekvensane for brann og andre ulykker gjennom førebyggjande arbeid. Dette skal gjerast med bakgrunn i ei førebyggjande analyse som sikrar oss i å gjer målretta og effektive tiltak mot dei objekt og grupper som utgjer uakseptabel risiko for tap av liv, helse, miljø og materielle verdiar. I strategi og handlingsplan 2018-2028 er det sett følgjande delmål for det førebyggjande arbeidet:

Delmål 2020	Status måloppnåing
Førebyggjandeanalyse skal vere gjennomført og tiltak iverksett.	Arbeidet er prioritert og jobba med og vil stå ferdig mars 2021. Førebyggjande analyse vil medføre justeringar på korleis me jobbar med førebygging i dag.
Det er innarbeidd system for drift av det førebyggjande arbeidet.	Internkontrollsystem er i drift (Bliksund) og fagsystem (Komtek) er i drift for seksjon bustad, og delvis for seksjon samfunn. Me ventar framleis på eit arkivsystem (Websak).
Risikoutsette grupper inngår som ein naturleg del av det førebyggjande arbeidet.	Ein naturleg del av det forebyggjande arbeidet, men der er ikkje avtalar og tiltaksplanar for alle eigarkommunane.
Tilsyn og feiing av fyringsanlegg i fritidsbustadar og heilårsbustadar er en naturleg del av avdelinga sine oppgåver.	Det er system og oppfølging av bustadar, men fritidsbustadar er framleis ikkje ein del av fast feiing/tilsyn.
Det skal vere sett i gang prosjekter for tettare band mellom førebyggjande- og beredskapsavdeling.	Det er iverksett enkelte prosjekt på området.
Informasjon er ein planlagt del av det førebyggjande arbeidet.	Det er etablert årshjul for brannførebyggjande informasjon, og informasjon inngår som ein del av alle arbeidsområda.

4.3 Tilsette

Forutan leiar har avdelinga to seksjonar: samfunn og bustad.

Under området samfunn er det 7,4 stillingsheimlar, inklusive prosjektkoordinator.

Under bustadområdet er det ein områdeleiar, ein feieformann og 12 stillingar som utøver feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

4.4 Kompetanseheving

Det er i liten grad gjennomført intern og ekstern kompetanseheving. Årsak til dette er prioriteringa har vore å etablere ein ny organisasjon samt at større seminar og konferansar vart avlyst som følge av Covid-19. Avdelinga har vore representert på korte Webinar arrangert av ulike aktørar.

Et unntak er et seminar om skorsteinsrehabilitering som HBR var arrangør for og som skjedde før Covid-19 traff oss hardt 12. mars. Til seminaret ble det invitert inn fra alle våre nabobrannvesen i nord og øst.

4.5 Tilsyn

I 2020 er det registrert 562 særskilte brannobjekt som brannvesenet skulle føre tilsyn med. Lista over særskilte brannobjekt vil vere i jamleg endring, og talet objekt variere gjennom året.

Det er gjennomført 213 tilsyn eller andre brannførebyggjande tiltak retta mot særskilte brannobjekt. I samband med tilsyn blir det gjort ei vurdering av brannrisiko ved objektet som eit ledd i å vurdere behovet for oppfølging. Når alle objekta er vurdert vil intervall for gjennomføring av tilsyn utkrystallisere seg, og ein vil kunne sjå om det er andre tiltak enn tilsyn som kan ha en risikoreduserande effekt.

Gjennomførte tilsyn i særskilte brannobjekt

	Registrerte § 13-objekt			Tiltak og tilsyn 2020				Tiltak og tilsyn 2019			
	A	B	C	A	B	C	Andre	A	B	C	Andre
Sveio	32	2	1	23	0	0	3	3	0	0	0
Tysvær	72	17	3	42	2	2	3	9	0	0	4
Bokn	5	6	1	0	3	0	0	3	0	0	0
Utsira	9	1	1	2	0	0	0	8	0	1	0
Karmøy	199	73	5	88	9	2	2	68	13	1	7
Suldal	25	8	0	8	2	2	3	10	5	0	6
Etne	19	7	5	5	5	0	0	5	0	1	3
Vindafjord	51	10	10	16	2	0	3	0	0	1	7
Sum	412	124	26	184	23	6	13	106	18	4	27

- A. = bygninger og områder hvor brann kan medføre tap av mange liv
- B. = bygninger, anlegg, opplag, tunneler og lignende som antas å medføre særlig brannfare eller fare for stor brann, eller hvor brann kan medføre store samfunnsmessige konsekvenser
- C. = viktige kulturhistoriske bygninger og anlegg


Feil og manglar ved tilsyn

Det er under arbeid å registrert tilsynsobjekta i fagsystemet Komtek, kor det på sikt kan rapporterast på typiske feil og manglar. Ved å sjå på kva tilsyna har hatt fokus på kan det likevel teiknast eit bilete av feil og manglar tilsyna har avdekket. Dei fleste tilsyna i 2020 har hatt fokus på eigars plikter. Det er mykje bra tiltak som blir gjennomført av objektigarane, men generelt er avdekket avvik knytt til manglande eller mangelfull dokumentasjon og systematikk i brannvernarbeidet.

4.6 Informasjonstiltak

Etter brannvernlova skal HBR gjennomføre motivasjons- og informasjonstiltak om fare for brann, brannverntiltak og korleis ein skal opptre i tilfelle brann. Tema og innhald i denne typen tiltak varierer etter kven som er i målgruppa og budskapet som skal formidlast. Det er i 2020 notert ca. 500 personar som har vore med på ulike samlingar med brann og sikkerheit i fokus. Dette er grupper elevar i skulen, tilsette ved skular og institusjonar, ulike risikogrupper både eldre og flyktingar.

Tema for informasjon til befolkninga generelt er til ein viss grad sesongbasert, og organisert som både lokale og nasjonale kampanjar.



Bjørnis

Brannbamsen Bjørnis blir nytta når barn og unge er målgruppe. Mange av barnehagane i vårt område er «Bjørnis barnehagar», kor dei gjennom året har brannforebygging som tema. Tidlegare år har barnehagane kunne treffe Bjørnis og besøke ein av brannstasjonane våre på vårparten. Som følge av Covid 19 vart ikkje desse besøka gjennomført i 2020, men forsøkt erstatta med brannbil korteskjer med lovnader om at «Alt blir bra».



«Etter brannen»

«Etter brannen» er eit konsept som baserer seg på ein arbeidsmetode frå Liverpool kjent som Merseyside-modellen. Tanken bak konseptet er at publikum er meir mottakelig for informasjon kort tid etter ei hending. Ved hendingar der det har vore opne flammor eller røykutvikling av betydning blir det gjennomført ein dør til dør aksjon i nabolaget. Målet er å tilby råd og veiledning om brannsikkerheit.

I HBR vart det gjennomført sju aksjonar i 2020. Arbeidsmetoden vart omtalt i fagbladet Brann & Sikkerheit.



4.7 Saksbehandling og andre førebyggende tiltak

Brannvesenet sakshandsamar og gjennomfører ulike former for brannføre-byggande tiltak. Diagrammet gir eit bilete på område og omfang av tiltak.

Synfaring vert nytta i ulike høve, mellom anna som ledd i vurdering av nye særskilte brannobjekt, rettleiing i ulike samanhengar.



Plan- og byggesaker

Fleire av våre eigarkommunar nyttar brannvesenet som høyringsinstans i samband med byggesaker, plan- og reguleringssaker. I 2020 er om lag 50 saker gjennomgått, og i den grad det er blitt vurdert som nødvendig, sendt uttale til kommunen. Fokuset frå brannvesenet har i stor grad knytt til tilrettelegging for sløkkeinnsats i form av tilkomst, oppstillingsplassar og sløkkevatn.

Arrangement / Overnatting

Som følge av Covid-19, er det ein nedgang i søknadar for arrangement og overnattingar (reduksjon på 65-75 %). For 2020 har det vore 34 meldingar kor 10 av desse vart avlyst. Meldingar vert vurdert og fulgt opp med synfaring eller andre eigna tiltak, for å sikre at arrangementet vert gjennomført på ein trygg og sikker måte.

Risikikoutsette grupper

Brannførebyggande arbeid retta mot risikikoutsette grupper skal etter planen inngå som ein naturleg del av det førebyggande arbeidet. I 2020 var det ei målsetting om å få etablert samarbeidsavtalar med alle eigarkommunane, såkalla «Trygg hjemme-avtalar». Dette kom ein naturleg nok ikkje i mål med grunna Covid-19. Parallelt med forankring av avtaler, er det jobba med tiltak retta mot gruppene.

Bekymringsmeldingar

Brannvesenet plikter å gjennomføre førebyggande tiltak på bakgrunn av bekymringsmeldingar. I 2020 mottok brannvesenet 11 bekymringsmeldingar eller branntips på bakgrunn av bekymring for eigen eller andre sin brannsikkerhet. 2/3 av desse meldingane kom inn via den nasjonale portalen www.branntips.no.

Fyrverkeri og saluttering

I 2020 handsama førebyggande avdeling 33 søknadar om handel og oppbevaring av fyrverkeri. I tillegg til saksbehandling vart det gjennomført tilsyn med eit utval av handelslokaler.

I tillegg vart det behandla 14 søknadar om saluttering 17. mai samt bruk av profesjonelt fyrverkeri i samband med ulike markeringar.

4.8 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Førebyggjande avdeling, seksjon bustad, har som hovudoppgåve å feie og føre tilsyn med fyringsanlegg.

Feiing og tilsyn skal gjennomførast ut frå kartlagt behov og risiko. Det har vore utarbeida felles rutinar for kartlegging og fastsetting av frekvensar vedr. tilsyn og feiing.

Frå 2016 vart det krav til at kommunane skulle feie og føre tilsyn med fyringsanlegg også for fritidsbustader. Dette kjem for dei fleste kommunar/brannvesen som tillegg til dei tilsyn og feingar som skal utførast for heilårsbustadar. For Haugaland brann og redning iks inneberer dette ei auke på om lag 7 500 feie/tilsyns objekt. Arbeidet med å kartlegge hytter med fyringsanlegg er starta men er ikkje fullført.



Utført feiing/tilsyn, totalt

Kommune	Underlag				Utførte tilsyn 2020	Utførte feiingar 2020	Utførte tilsyn 2019	Utførte feiingar 2019
	Bustadar (ssb)	Fritidsbustader (ssb)	Skorsteinar	Eldstadar				
Sveio	2811	1224	2578	2578	163	1 742	159	144
Etne	2132	801	1893	1775	1	237	495	657
Vindafjord	4346	1144	3820	3645	373	2 203	715	38
Suldal	2148	1891	1800	1800	2	465	623	76
Tysvær	4880	1369	3892	5331	157	2 644	68	854
Bokn	431	199	364	427	0	343	0	0
Karmøy	18913	809	16100	16958	1 423	9 798	2772	4261
Utsira	121	69	73	73	0	0	0	0
Sum	35 782	7 506	30 520	32 587	2 119	17 432	4 832	6 030

Intervall for feiing har i forhold til tilsyn vore gjennomført etter behov. Dette medfører intervall med variasjon på 1-10 år. Før alle fyringsanlegga er vurdert vil det vere vanskeleg å med sikkerheit fastslå evt. etterslep på utføring.

Etterslepet frå tidlegare på utføring av feiing er innhenta i 2020. Dette som følgje av ekstra ressursar samt tilpassing av tenesta som følgjer av Covid-19. Restriksjonane medførte stopp i tilsynsaktiviteten då ein ikkje fekk gå inn i bustadar. I staden vart det stort fokus på utvendig feiing utan uttak av sot. Dei unormalt høge tala på utført feiing syner dette tydeleg.

Feil og manglar ved tilsyn

Dei feil og manglar som i størst grad går igjen på fyringsanlegg er:

- Mangel på tilrettelegging for feiing frå tak.
- Inne kledd skorstein
- Manglande avstand til brennbare overflater



Skorstein før fresing



Skorstein under fresing



Skorstein etter fresing

4.9 Samarbeidsavtaler og prosjekt

Landbruk

Rogaland er eit landbruksfylke, med mange både små og store driftsbygg, og vårt område har opplevd fleire brannar i landbruksbygg. Dette har vore årlege prosjekt i samarbeid med Mattilsynet, Det lokale el-tilsyn, Arbeidstilsynet og brannvesenet om tilsyn innan ulike dyrehold. I 2020 vart det gjennomført samordna tilsyn med 20 driftsbygningar for fjørfe.

A-krim

Tilsynsetatane har jamlege aksjonar mot arbeidslivskriminalitet. I 2020 var brannvesenet involvert i tilsyns retta mot innkvartering tilknytt ei større verksemd i Vindafjord. Det vart gjennomført tilsyn retta mot 8 adresser. Her vart det avdekkja manglar på både rømningsforhold, sløkkeutstyr og brannvarsling som vart rapportert for utbetring.

Landsdekkande tilsynsaksjon - avfallsanlegg

HBR deltok oktober 2020 i ein landsdekkande tilsynsaksjonen i samarbeid med fylkesmann retta mot avfallsanlegg. Målsettinga er å redusere brannar og miljøpåverking av brannar i avfallsanlegg gjennom å sikre at verksemder jobbar forsvarleg med førebyggjande arbeid.

Avtalar for automatiske brannalarmanlegg

Haugaland og Sunnhordland 110-sentral var i 2019 slått saman med tilsvarande sentral i Sandnes. Mottak av alarm og utkalling av brannmannskap blir no gjort av Alarmsentral brann sør-vest (ABSV). I samband med omlegging til nytt og større distrikt er administrativ handtering av alarmoverføringar flytta frå 110-sentralen og ut til lokalt brannvesen. Det lokale brannvesenet, i dette tilfelle HBR, er dermed ny avtalepart for abonnement på alarmoverføringar. Som følge av dette må avtalar om alarmoverføring med alle kundar med abonnement fornyast. Dette omfattar oppdatering av abonnements opplysningar og signering av kontraktar. I løpet av 2020 har førebyggjande avdeling vore med i arbeidet knytt til fornying av omlag 350 avtalar om automatisk brannalarmanlegg knytt til 110 sentralen.

5.0 ADMINISTRASJON

5.1 Administrasjon

Administrasjonen har tradisjonell oppbygging med leiar/brannsjef, avdelingsleiing for beredskap og førebyggande avdeling samt leiar for logistikk, personale og økonomi. Vidare vert det kjøpt tenester frå Suldal kommune innanfor oppfølging av system.

Administrasjonen er samlokalisert i Haugesund i Diktervegen 8. Det føreligg vedtak om ny hovudbrannstasjon på Raglamyr der oppstart skjer i 2021.

Ny merkantil stilling ble etablert siste halvår 2020 som følgje av at Haugaland brann og redning iks overtok ansvar for alarmkundeoppfølging, ei teneste som tidlegare var lagt til Sør-Vest 110-sentral. Finansiering av stillinga er regulert gjennom eit tilknytningsabonnement til Sør-Vest 110-sentral.

5.2 Oppgåver i 2020

Det er i hovudsak desse områda som har krevd administrative ressursar:

1. Bekymringsmeldingar frå Område Øst.
2. Covid-19.
3. Etablering av selskapet.
4. Dagleg drift.

Bekymringsmeldingar

Det vart i februar sendt inn fire bekymringsmeldingar til leiar av representantskapet som omhandla personalpolitikk, med fare for økonomi og beredskap. Bekymringsmeldingane vart også sendt til presse og media.

Styret handsama bekymringsmeldingane 24. februar 2020 med der det vart konkludert med at det var nødvendig med ekstern uavhengig bistand for å kartlegge grunnlaget for meldingane og dermed kunne gje ein analyse av situasjonen. Mandatet var:

«Klarlegge hva som faktisk har foregått i de tilfellene som bekymringsmeldingene viser til og om det foreligger brudd på arbeidsmiljøloven eller virksomhetens føringer og rammer. Utarbeide forslag til tiltak etter rapporten».

Det var Mai Vik Consulting som fekk oppdraget. Det vart fram til rapporten vart lagt fram 1. juni 2020, gjennomført intervju av 38 tilsette og leiarar i selskapet. Det vart ikkje funne brot på Arbeidsmiljølova. Rapporten anbefalte 11 tiltakspunkt for forbetringar med utgangspunkt i kartlegginga. Desse er:

1. Arbeide med konflikthandteringar på personnivå.
2. Klargjere roller og grensesnitt for dei ulike stillingane/funksjonane i selskapet.
3. Avklare lønsproblematikk rundt verksemdsoverføringa.
4. Klargjering av ramme- og innkjøpsavtalar.
5. Leiarutvikling med fokus på samkøying.
6. Oppretting av AMU.
7. Etablering av stasjonsmestrar på alle stasjonane.
8. Vurdere budsjettansvar for kvart einskild område.
9. Strategiseminar for eigarar og styre.
10. Auka møteverksemd på stasjonane.
11. Kompetansehevande tiltak innanfor hms-området.

Styret tilslutta seg desse 11 anbefalingane og det er i selskapet arbeid med desse frå bekymringsmeldingane kom inn og fram til i dag. Dette er tiltak som skal vera like mykje som ein del av drifta, som det er tiltak etter bekymringsmeldingane som kom inn i februar.

Status for dei ulike punkta kjem fram i årsmeldinga forøvrig.



Covid-19

Covid-pandemien kom like brått på Haugaland brann og redning iks som for resten av landet. I starten var det mykje som ikkje var kjent og det var mykje søk etter relevant informasjon. Som selskap vart det tidleg bestemt at det skulle følgjast råd frå FHI og at det utover dette skulle vera ein restriktiv tilnærming til korleis drifta skulle utøvast.

Det vart gjennomført regelmessige møter i Nasjonalt brannfagleg råd og Fylkesmannens beredskapsråd. Her fekk me kalibrert oss mot andre beredskapsaktørar.


Parallelt med at tilsette i selskapet fekk ein annan kvardag med heimekontor og endring av oppgåver, arbeida leiing med høg aktivitet for å sikre gode rutinar for på denne måten unngå å koma i ein situasjon kor me ikkje kunne levere beredskapstenester. Det er to planar som tidleg kom på plass, og som framleis er gjeldande.

Plan for handtering av Sars-Cov-2 og Kontinuitetsplan for HBR iks. Førstnemnde plan har som formål å førebygge, sistnemnde plan er ein skildring av korleis selskapet og spesifikt beredskapstenesta skal kunne oppretthalde lovpålagte oppgåver sjølv om mange av mannskapa skulle verte smitta.

Kontinuitetsplanen vart iverksett i eit tilfelle for ein funksjon knytta til Skånevik brannstasjon for å sikre utrykningsleiing.

Konsekvensar som følgje av Covid-19 for kvar einskild avdeling kjem fram under kvart einskild kapittel. Belastning som følgje av Covid-19 kan oppsummerast med:

- Leiinga har nytta mykje av sin kapasitet samt utøvd mykje ekstraarbeid på å handtere situasjonen. Etablering av planar, innhenting av informasjon, koordinering, møter. Handtering av bekymringsmeldingar, Covid-19-situasjon og omlegging av drift samtidig med etablering av selskap og løpande drift, medførte ein kraftig belastning i tida frå mars og fram mot sommaren.
- Som ein konsekvens av å måtte oppretthalde beredskap og samtidig unngå smitte, er all aktivitet innanfor kompetanse endra. Det er mellom anna gjennomført opplæring i små grupper, noko som vart ein større belastning for instruktørar og øvingsansvarlege der fleire kveldar vart gjort beslag på.



Etablering av selskapet

Som for 2018 og -19, er 2020 å sjå på som ein «riggefase» Me ser at selskapet er meir over i ein driftsfase, men også for 2020 erfarer me at organisasjonen ikkje rigga for drift og etablering på ei og same tid, og dette har medført at ordinær drift ikkje har vore optimal. Innanfor etablering er det arbeidd med følgjande områder:

1. Haugesund sin utmelding av HBR. Arbeidet ble slutført med en forliksavtale 26.10.2020. Avtalen omfatter levering av støttestyrke i to år ved etablering av ein hovudstasjon på Raglamyr.
2. Harmonisering av løn- og arbeidstidsordningar. I hovudsak er dette oppfølging av tiltaksplanen som kom som et resultat av bekymringsmeldingane. Løns- og arbeidstidsordningar vart gjennomgått på ny for å sjå dette opp mot regelverket rundt verksemdoverdraging og følgjebrev.
3. System/IKT. System er etablert og tatt i bruk. Unntak er Websak som det er arbeidd med i 2020. Det er mange program som er avhengige av kvarandre og det har vore utfordrande å få systemet i drift.
4. Operasjonaliseringsdokumentet. Dokumentet er eit analysedokument som skal vera til hjelp for å realisere dei forventningar som eigarar set til selskapet gjennom selskapsavtale og eigarstrategi. For 2020 har det vore fokus på stasjonar, kompetanse, rekruttering, kvalitetssikring av beredskapsordningar og investeringar. Ut frå manglande kapasitet er analyse og pilotordning for beredskapsordning i Sveioområdet skyvd over til 2021. Det vil i samarbeid med Equinor arbeidast vidare med avklaring for beredskap i området Tysværåvåg - Bokn når det føreligg ein uttale frå Petroleumstilsynet.



Dagleg drift

Det er små og store oppgåver som skal løysast på dagleg basis, oppgåver som er alt frå leing til administrative oppgåver. Det vert erkjent at ingen posisjonar i selskapet er leiarstillingar utan administrative oppgåver som må løysast. Forventningar til leinga avhenger av kva rolle ein har i organisasjonen og kor ein er plassert hierarkisk.

Det har i 2020 vore arbeid med innfri forventningane samtidig som det er arbeid med å få ein ny organisasjon til å «setje seg» og på denne måten etablere eit nytt selskap med ein ny leing og nye oppgåver for både leing og kvar einiskild tilsett.

5.3 Likestilling og mangfold

Kjønnsfordeling

Det er utarbeidd ein strategiplan for rekruttering og da med spesielt fokus på beredskapsområdet. Eit viktig prinsipp er at det er kompetanse og eigenskap for den spesifikke stillinga som skal vera i fokus. Kjønn, religion, hudfarge med meir skal ikkje påverke kvar einiskild sin moglegheit for jobb i HBR.

For HBR er fordelinga på kjønn per 31.12.2020:

Stillingsområde	# kvinner	Endring	% kvinner	# menn	Endring	% menn
Leing	2	-	33 %	4	-	67 %
Branningeniør og tilsvarande	3	-	33 %	6	-	67 %
Andre dagstillingar	1	+1	33 %	2	-	67 %
Beredskapsstillingar 1/1	0	-	0 %	9	-	100 %
Feiing og tilsyn	3		27 %	11		73 %
Brannkonstablar deltid	16	+5	5 %	277	-7	95 %
Sum	25		8 %	308		92 %

Nasjonalitet

Det er i beredskapsavdelinga sju personar med bakgrunn frå andre stadar enn Norden;

Polen:	2	Bulgaria:	1
Argentina:	1	Ungarn:	1
Romania:	1	Spania:	1

Tiltak

Det er gjennomført eit pilotprosjekt for å auke kvinneandelen på operativt nivå i beredskapsstyrken som er eit vidareføring frå 2019. I samband med rekrutteringstiltaket fekk med dekning i TV2:

[I denne lille bygda har de kanskje knekt koden \(tv2.no\)](https://www.tv2.no/nyheter/innenriks/i-denne-lille-bygda-har-de-kanskje-knekt-koden)



Foto: Kristian Myhre / TV 2



I tillegg ble det arrangert damekveld i Ølen, Skjold på våren, og i Etne på hausten. Medvind24 laga ein liten promo til dette [\(1\) Facebook](#) og det er omtale i fagtidsskriftet Brann og sikkerhet.

Mangfald

Foruten tiltak retta mot kjønnsfordelinga i beredskapsstyrken som nevnt ovenfor er det ikkje gjennomført spesifikke tiltak retta mot mangfald i 2019.

5.4 Helse, miljø og sikkerheit

Verneområde og verneombod

I 2020 har selskapet hatt seks verneombod med tilhøyrande verneområde. Fem av områda dekker stasjoner med deltidsmannskap og eitt område for heiltidstilsette. I tillegg er det valt eit hovudverneombod.

Hovudverneombud:	Ole Jonny Espevold
Verneombud - fast tilsette:	Finn T Yven
Verneombud - Karmøy/Utsira:	Stian Medhaug
Verneombud - Sveio og Førde:	Torbjørn Larsen
Verneombud - Sand; Jelsa og Suldalsosen:	Håranes Alf Rune
Verneombud - Etne, Skånepik, Ølen, Skjold og Sandeid:	Rune Håheim

I 2020 ble verneområdene Etne/Skånepik og Ølen/Skjold/Sandeid slått sammen der Rune Håheim er verneombud.

Eit tiltak som vart gjennomført internt i HBR etter å ha hatt fleire alvorlege hendingar i norske brannvesen, var bilbeltekampanjen. Forutan å ha dette som tema på øvingar, vart det laga poster som vart hengt opp på kvar brannstasjon.

Her er Elise Vognstøylen, konstabel i Sand, modell.

HMS-koordinator

Stillinga har vore vakant ein periode og det er i haust tilsett John Håkon Næss som ny koordinator.

Arbeidsmiljøutval (AMU)

Det er i 2020 etablert AMU med verknad frå og med 1.1.2021.

Bedriftshelseteneste

Det er inngått bedriftshelseteneste med Medco for ein periode på to år med opsjon på ytterlegare to år. Oppstartsdato var 1. september 2019. Handlingsplan for 2020 er gjennomført og rapport levert frå leverandør.

HMS og kvalitetssikringssystem

Det er inngått avtale med Bliksund as om eit hms- og kvalitetssikringssystem som omhandlar kompetanse, avvik, oppslag og informasjon samt rutinar, kontroll, vedlikehald og ettersyn med meir.

Deler av systemet er tatt i bruk, og siste kvartal 2020 ble det etablert en gruppe på tre personer som skal tilpasse systemet vår virksomhet. Det er også opprettet dialog med andre brannvesen som bruker Bliksund.

Det er utarbeidet diverse nye overordnede retningslinjer og prosedyrer, og revidering av eksisterende er iverksatt men ikkje fullført.

Hendelsesrapporteringssystem

Me har eit system som handterer både avvik, forbetnings- og driftsmeldingar.

Vi har 189 meldingar registrert i Bliksund for 2020 (opp 115 frå 2019). I all hovudsak er dette meldingar som har med drift av brannstasjonar (defekt utstyr, feil utalarmering, manglande oppmøte med meir). Av desse er 19 meldingar framleis opne og vert teke med inn i 2021.



5.5 Informasjon

Det er i HBR etablert ein 50 % informasjonskoordinator (Morten Svandal). Formålet er som namnet tilseier, å koordinere informasjon som skal kommuniserast internt i og ekstern frå organisasjonen.

Av intern kommunikasjon er det i hovudsak informasjon ut til dei tilsette i beredkapsavdelinga på dei ulike stasjonane som er utfordrande. Her er det ein avstand frå leiinga og til kvar einskild ein avstand som er både geografisk og hierarkisk lang. Det er utarbeidd ein kommunikasjonsplan og det er vert kommunisert gjennom:

- Podcaster (8 episodar i 2020 med til saman 783 avspelingar.
- Tåkespiker, eit informasjonsark med hovudpunkt. Oppstart var november og kjem månadleg.
- Bliksund. Nyhende og annan formell informasjon vert lagt ut på vårt intranett som er Bliksund.
- Facebook. Uformell informasjon, hendingar, gladsaker med meir vert formidla på ei lukka side for dei tilsette.
- Mail og sms. Vert nytta der informasjon går 1:1 og ved korte driftsmeldingar.

The screenshot shows the Bliksund intranet interface. At the top, there are navigation links: HJEM, MODULER, PERSONELL, ADMINISTRASJON, and HJELP. On the right, it says 'BLIKSUND GRID' and 'NORSK'. The main content area is divided into two sections, each with a date on the left and a title on the right.

11. Februar 2021
Arbeidsmiljøutvalg (AMU) og innmelding av saker [LEST AV 122] [LEST]

Som sikker de fleste har fått med seg er første møte i AMU blitt gjennomført. I løpet av 2021 skal det gjennomføres tre nye møter. Frist for innlevering av saker til AMU er tre uker før møtedato.

Følgende møtedatoer er fastsatt:

- o 16. april 2021, frist for innlevering av saker 26. mars
- o 3. september 2021, frist for innlevering av saker 13. august
- o 5. november 2021, frist for innlevering av saker 15. oktober

AMU tar opp spørsmål på eget initiativ eller etter anmodning fra et verneombud. Enhver annen arbeidstaker kan henvende seg til utvalget med et arbeidsmiljøproblem.


Har du en sak som du mener bør tas opp i arbeidsmiljøutvalget, kan du ta dette direkte opp med AMU eller via verneombud eller annen tillitsvalgt. Arbeidsutvalget til AMU (som består av leder AMU, sekretær av AMU og hovedverneombud) setter opp sakene, forbereder sakene og setter opp sakliste.

[Punkt 12 i retningslinjene](#) til AMU viser et utdrag over utvalgets ulike oppgaver og saksfelt hvor AMU har ulik myndighetsutøvelse. Listen er ikke uttømmende.

Har du noen spørsmål eller lurer på noe kan du henvende deg til medlemmer av AMU, eller sekretær AMU/HMS-koordinator/HMS-dude John Håkon Næss (91126999 / john.hakon.naess@hbre.no). Eventuelt kan du kontakte ditt lokale verneombud eller tillitsvalgt i en av fagforeningene.

Publisert av John Håkon Næss [Kopier til kladd]

4. Februar 2021
Ren Sone podcast - ny episode ute nå! [LEST AV 125] [LEST]



Folkens, eg kommer med nyheter, eg må be om absolutt stilhet. Ventetida er over, det kommer.....ny episode av podcasten!

Tune in and enjoy!

[Ren Sone podcast](#) | [Podcast on Spotify](#)

Skjermdump frå Bliksund

Av ekstern kommunikasjon er dette omdømmebygging, førebyggjande arbeid og generell informasjon til eigarar, innbyggjarar og andre som me i HBR ønsker å kommunisere med.

For omdømmebygging er det fleire artiklar om HBR i både tidskriftet Brannmannen og i Brann og sikkerhet.

BRANN & SIKKERHET

Besøker naboer etter brann

Beboere i dekningsområdet til Haugaland Brann og redning får besøk av brannvesenet kort tid etter det har vært brann i nabolaget. Sammen sjekker de brannsikkerheten i hjemmet.



Prøveprosjektet i Haugaland Brann og Redning IKS kalles «Etter brannen-prosjektet». Her oppsøker representanter fra forebyggende avdeling naboer til en nylig brann.

5.6 Sjukefråver

Statistikk frå NAV viser utvikling av legemeldt sjukefråvæer for selskapets tilsette.

1. kvartal 5,3 %	(2019: 8,6 %)
2. kvartal 4,7 %	(2019: 5,2 %)
3. kvartal 5,4 %	(2019: 9,4 %)
4. kvartal 5,6 %	(2019: 4,4 %)

Tala viser ei positiv utvikling frå 2019 til 2020 for de tre første kvartalene, sjukefråværet er redusert.

Samanliknar ein selskapets sjukefråvæer for de 3 første kvartalene med sjukefråværet for kommunal forvaltning elles i landet i same periode, har Haugaland brann og redning no lågare sjukefråvæer enn kommunal forvaltning. I operativ teneste er det vanskeleg å leggje til rette for arbeid for tilsette med helseutfordringar. Fysiske og psykiske krav til helse er høge. Selskapet vil fortsette arbeidet for å få sjukefråværet ned i administrative og forebyggande tenester.

5.7 Prosjekt

Forutan interne prosjekt har me to pågåande prosjekt eksternt. Begge er forankra i Gjensidigestiftelsen og omhandlar:

1. Det store brannløftet. Eit prosjekt med ei ramme på 350 millionar der dagleg leiar i HBR er prosjektleiar. Prosjektet er inne i ein oppfølgingsfase med 4 delprosjekt og eit ti-tals tiltak innanfor førebyggande aktivitetar, kompetanse, FoU og materiell.

Tidsbruk er nokre timar per veke og vert fakturert etter avtale.

5. Det store brannløftet. Eit tiltak innan leiing og som skal gjennomførast i perioden 2019-2021 har Morten Svandal som prosjektleiar. Prosjektet er forankra i Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap og skal bidra med planlegging, utrulling og oppfølging av Enhetlig ledelsessystem (ELS) til alle norske brannvesen.

Prosjektstillingar utgjer inntil eit 50 % årsverk der det vert fakturert etter avtale.



6.0 STYRE OG REPRESENTANTSKAP 2020

6.1 Møteaktivitet for styret

Det er gjennomført 11 styremøte i 2020:

Møte 5. februar 2020

- 20/001 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/002 Godkjenning av protokoll
- 20/003 Sak til representantskapet: Haugesund sin utmelding av selskapet
- 20/004 Orientering om drifta
- 20/005 Eventuelt

Møte 24. februar 2020

- 20/006 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/007 Godkjenning av protokoll
- 20/008 Bekymringsmeldinger fra brannstasjoner, område øst
- 20/009 Eventuelt

Møte 11. mars 2020

- 20/010 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/011 Godkjenning av protokoll
- 20/012 Mandat for undersøkelser etter bekymringsmeldinger
- 20/013 Eventuelt

Møte 26. mars 2020

- 20/014 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/015 Godkjenning av protokoll
- 20/016 Regnskap 2019
- 20/017 Årsmelding
- 20/018 Haugesund sin uttredelse av selskapet
- 20/019 Bekymringsmeldinger område øst
- 20/020 SARS-CoV-2 – håndtering
- 20/021 Styreevaluering
- 20/022 Eventuelt

Møte 20. mai 2020

- 20/023 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/024 Godkjenning av protokoll
- 20/025 Økonomi – kvartalsrapport og forberedelse budsjett 2021
- 20/021 Styreevaluering
- 20/026 Haugesund sin uttredelse av selskapet
- 20/027 Fremdrift operasjonalisering
- 20/028 Orientering om drifta
- 20/029 Eventuelt

Møte 11. juni 2020

- 20/030 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/031 Godkjenning av protokoll
- 20/032 Rapport – bekymringsmeldinger – plan for presentasjon
- 20/033 Eventuelt

Møte 17. juni 2020

- 20/034 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/035 Godkjenning av protokoll
- 20/036 Oppstart – tiltaksplan etter rapport om bekymringsmeldinger
- 20/037 Oppstart hovedbrannstasjon og Veia brannstasjon
- 20/038 Finansiering av prosjekt
- 20/039 Orientering om drifta
- 20/040 Eventuelt

Møte 02. september 2020

- 20/041 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/042 Godkjenning av protokoll
- 20/043 Handlingsplan etter rapport om bekymringsmeldinger
- 20/044 Budsjett med økonomi og handlingsplan
- 20/045 Haugesund sin uttredelse av selskapet
- 20/046 Dimensjonering av beredskap - området Raglamyr
- 20/047 Orientering om drifta
- 20/048 Eventuelt

Møte 29. september 2020

- 20/049 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/050 Godkjenning av protokoll
- 20/051 Budsjett 2021 med økonomi- og handlingsplan
- 20/052 Eventuelt

Møte 14. oktober 2020

- 20/053 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/054 Godkjenning av protokoll
- 20/055 Revidering av selskapsavtale
- 20/056 Status handlingsplan etter bekymringsmeldinger
- 20/057 Sekretariat for IUA
- 20/058 Orientering om drifta
- 20/059 Eventuelt

Møte 12. desember 2020

- 20/060 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/061 Godkjenning av protokoll
- 20/062 Status handlingsplan etter bekymringsmeldinger
- 20/063 Status beredskap – Haugesund og HBR
- 20/064 Møteplan 2021
- 20/065 Orientering om drifta
- 20/066 Eventuelt

6.2 Møteaktivitet for representantskap

Det er gjennomført 4 representantskapsmøte i 2020 med følgende saker:

Møte 5. februar 2020

- 20/001 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/002 Godkjenning av protokoll 14.11.2019
- 20/003 Haugesund kommune sin uttredelse av selskapet
- 20/004 Eventuelt

Møte 23. april 2020

- 20/005 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/006 Godkjenning av protokoll
- 20/007 Rekneskap 2019
- 20/008 Årsmelding
- 20/009 Haugesund sin uttredelse av selskapet
- 20/010 Valg av valgkomitè
- 20/011 Orientering om drifta
- 20/012 Eventuelt

Møte 21. oktober 2020

- 20/013 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/014 Haugesund kommune sin uttredelse av selskapet – forslag til avtale

Møte 13. november 2020

- 20/015 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 20/016 Godkjenning av protokoll 23.04.2020

- 20/017 Godkjenning av protokoll 21.10.2020
- 20/018 Revidering av selskapsavtale
- 20/019 Budsjett for 2021 med økonomi- og handlingsplan 2021-24
- 20/020 Sekretariat for IUA
- 20/021 Eventuelt

6.3 Anna møteaktivitet

Det er gjennomført to eigarmøte og eit kontaktmøte, ref. eigarstrategi:

- Møte # 1: 04.06.2019
- Møte # 2: 11.09.2019
- Møte # 3: 26.09.2020

7. REKNESKAP

Rekneskap og årsmelding for 2020 er utarbeidd etter Lov om interkommunale selskap, Forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Noreg. I samsvar med selskapsavtala § 7.3 vert rekneskapet lagt fram etter kommunale rekneskapsprinsipp og inneheld driftsrekneskap, kapitalrekneskap, balanserekneskap og noteopplysningar.

Fullstendig rekneskap er å finne som eit eige dokument og vert lagt fram for styret og representantskap.

Oversikt over økonomisk drift pr 31.12.2020:

	Økonomisk oversikt – drift	Rekneskap 2020	Revidert budsjett	Opprinneleg budsjett	Rekneskap 2019
1	Andre sals- og leigeinntekter	16 165 443	14 420 087	14 420 087	15 378 067
2	Overføringar med krav til motyting	6 663 289	7 189 779	7 189 779	5 470 119
3	Andre overføringar	92 593 201	92 533 444	92 533 444	86 535 345
4	SUM DRIFTSINTEKTER 1+2+3	115 421 934	114 143 310	114 143 310	107 383 531
5	Sum driftsutgifter	-112 552 893	-115 519 304	-115 519 304	-102 953 437
6	BRUTTO DRIFTSRESULTAT (4+5)	2 869 041	-1 375 994	-1 375 994	4 430 093
7	Netto finansutgifter	-523 633	-1 230 694	-1 230 694	21 009
8	Motpost avskrivningar	4 239 120	2 714 302	2 714 302	4 208 585
9	NETTO DRIFTSRESULTAT (6+7+8)	6 584 528	107 614	107 614	8 659 687
10	Bruk av tidlegare års rekn. mindreforbruk	-4 846 020	0	0	0
11	Brukt i investeringsregkneskap	3 955 535		0	1 940 014
12	Netto avsetningar disposisjonsfond	6 672 621	107 614	107 614	1 873 652
13	Avsetning til bundne fond	802 392			
14	REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK	0	0	0	4 846 020

Driftskommentar:

Refusjon sjukdom/fødselspermisjon. Bokførte inntekter er om lag 12,7 % høgare enn budsjettet. Årsak er fødselspengar som det ikkje var budsjettet for. Samanlikna med 2019, er det motteke 0,77'' mindre i refusjonsinntekter i 2020.

Sal av varer og tenester. Bokførte sal er 1,4'' over det som vart budsjettet. Dette vert forklart med fakturerte alarmavtalar, og det faktum at det ved tidspunkt for budsjettering ikkje var klart kva priskategori dei ulike avtalane kom inn under.

Avgiftspliktige gebyr. Inntekter innanfor feieområdet utgjorde for 2020 kr. 11,9''.

Aktivitet. Som følge av lågare aktivitet i 2020 er det kome inn 0,7'' mindre i kompensasjonsinntekter enn det som vart budsjettet.

Tilskudd fra deltakerkommunene er på til sammen kr 92,5'' og fordeler seg følgende;

TILSKOT FRÅ KOMMUNANE	TILSKOT
Utsira kommune	405 313
Bokn kommune	1 737 933
Karmøy kommune	48 511 507
Suldal kommune	6 225 344
Etne kommune	5 848 716
Vindafjord kommune	10 518 931
Sveio kommune	6 493 351
Tysvær kommune	12 792 345
SUM TILSKOT FRÅ KOMMUNANE	92 533 440

På lønnsområdet inkl. sosiale kostnader viser rekneskapet omlag 7 % mindre bokførte utgifter samanlikna med budsjett for 2020. Mindreforbruk skuldast vakante stillingar, permisjonar u/lønn og vikarar som går inn med lågare løn enn den som har den faste stillingsheimelen. I tillegg ligg det kursmidlar bunde opp i lønsmidlar igjen på budsjettet som følge av restriksjonar rundt covid-19 som medførte redusert aktivitet på fleire områder og spesielt innan førebygging og kompetanse.

62,5 % av selskapet sine inntekter er bunde opp i utgifter for løn.

Meirkostnadar som følgje av Covid-19 var i underkant av kr 0,5'' med følgjande fordeling:

OMRÅDE	KOSTNAD
Løn inkludert sosiale utgifter *)	259 833
Drift	215 156
SUM	474 989

*) Det er utbetalt kr 86 822 i honorar vedrørende permitteringar

Investeringar

Tabell viser blant anna ei oversikt over tilgang (investering) 2020;

Bokført verdi pr 31.12.2020	Ordinære kjøretøy	Brannbilar	Maskinar, verktoy, inventar og utstyr	Datautstyr, program og kontor-maskiner	SUM
Akkum. kostnad anskaffelse 01.01.20	15 650 079	40 429 755	6 738 936	889 756	63 708 526
Akkum./reverserte nedskrivningar	0	0	0	0	0
Akkum. ordningar avskriv. pr 01.01.20	-7 228 759	-11 447 725	-2 496 092	-234 316	-21 406 892
Bokført verdi 01.01.20	8 421 320	28 982 031	4 242 844	655 440	42 301 635
Årets tilgang	3 025 755	13 762 149	1 383 085	56 015	18 227 004
Avgang i året	0	0	0	0	0
Delsal i året	0	0	0	0	0
Årets ordinære avskrivningar	-1 565 009	-1 839 553	-673 893	-160 665	-4 239 120
Årets nedskrivningar	0	0	0	0	0
Årets reverserte nedskrivningar	0	0	0	0	0
Bokført verdi pr 31.12.20	9 882 066	40 904 626	4 952 036	550 790	56 289 518
Økonomisk levetid	10 år	20 år	10 år	5 år	
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Det er investert for kr 18,2'' totalt i 2020 der omlag 3,96'' er finansiert over drift og resten er finansiert med lån, sal av driftsmidlar og refusjonsinntekter.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat for 2020 er prega av nøkternhet og sterk økonomisk styring, noko som kjem fram av følgjande nøkkeltal:

Nøkkeltal	Beløp	Driftsinntekt	HBRE 2020	Tilrådd nivå
Netto driftsresultat	6 584 528	115 421 934	5,70 %	Minst 3 -5 %
Disposisjonsfond	6 672 621	115 421 934	5,78 %	Minst 5 -10 %
Netto finansutgifter	523 633	115 421 934	0,45 %	Maks 2 - 3 %
Netto lånegjeld	19 500 000	115 421 934	16,89 %	Maks 50 - 60 %

Netto driftsresultat er ein indikator på kor mykje me sit att med når alle utgifter er trekt i frå. For selskapet var indikatoren i 2020 på 5,7 %, noko som er tilfredsstillande med tanke på det som vert tilrådd.

Disposisjonsfond utgjør 5,78 % av driftsinntekter og etablering av fond er i tråd med selskapsavtala. Etter § 7-2 kan selskapet bygge opp fond for gjennomføring av investeringar, til nødvendig driftskapital og til framtidige pensjonsplikter.

Brutto driftsresultat for selskapet viser kr 2 869 041 i mindreforbruk.

Korrigert for netto finansutgifter på kr 523 633 og motpostavskrivning på kr 4 239 120 samt mindreforbruk i 2019 på kr 4 846 020 (som må gjerast opp og disponerast i 2020), endar me opp med eit netto driftsresultat på **kr 6 584 528**.

Mindreforbruk er avsett til disposisjonsfond. For 2020 er at det er krav til at rekneskapet skal gå i null.